

Vegnummer: Fv. 484
Kommune: Førde
Prosjekt: 2019-352
Saksnummer: 19/306524
Saksbehandlar: Elisabeth Bernhardsen

Avtale om tiltreding og avtaleskjønn

Kjøpar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Statens vegvesen Region vest

Eigar:

Helse Førde HF, eigar av gnr. 43, bnr. 85 i Førde kommune
Adresse: Postboks 1000, 6807 FØRDE

1. Avtalen gjeld

Eigar gir kjøpar løyve til å tiltre nødvendig grunn av eigedommen for å gjennomføre bygging/utbetring av prosjektet Fv. 484 Vievegen, gang- og sykkelveg. Det vil seie at eigar gir kjøpar råderett over denne delen av eigedomen slik at anleggsarbeida kan komme i gang, sjølv om erstatninga enno ikkje er fastsett.

Inngrepet/avståinga går fram av reguleringsplan Fv. 484 Vievegen, gang- og sykkelveg godkjent 16.02.2017 og detaljplan Førde sentralsjukehus godkjent 28.03.2019.

2. Spesielle vilkår ved avtalen

1. Statens vegvesen pliker å følge vilkåra som Riksantikvaren har sett i «Førde sentralsjukehus - Vedtak om dispensasjon frå freding av parken på grunn av endring av Fv484 Vievegen» datert 21.01.2019.
2. Skråning inn i parken skal slakast ut så mykje som mogeleg, i samsvar med Riksantikavaren sine vilkår, og utan at fleire tre enn planlagt vert råka.
3. Helse Førde HF vil sjølv ha vedlikehaldet av skråningane inn mot parken, også på den delen av skråningane som vert erverva som del av gang- og sykkelvegen.
4. Eksisterande snuplass vert tilbakeført til park slik den var opphavleg – jfr. vilkår nr. 2 i vedtaket til Riksantikvaren.
5. Dersom gang- og sykkelvegen vert nedlagt, skal arealet som no vert erverva frå gnr. 43, bnr. 85 tilbakeførast til denne eigedommen.
6. Areal der det vert midlertidig inngrep, skal ryddast og settast i stand til det føremål og den stand det var i før anleggsstart, innan eitt år etter at anlegget er ferdig.

3. Kjøpekontrakt

Dersom eigar og kjøpar på eit seinare tidspunkt blir einige om erstatninga, inngår partane ein kjøpekontrakt.

4. Avtaleskjønn

Dersom partane ikkje blir einige om ein kjøpekontrakt, er partane einige om at erstatninga skal fastsetjast ved rettsleg skjønn (avtaleskjønn) etter skjønnslova § 4. Eit eventuelt avtaleskjønn skal byggje på ekspropriasjonsrettslege prinsipp.

Kjøpar sørger for nødvendig bevissikring med sikte på eit eventuelt skjønn.

5. Renter

Kjøpar betaler flat rente av den erstatninga eigar eventuelt har til gode. Rentefoten som partane blir einige om, blir teken inn i kjøpekontrakten (jf. punkt 3). Rentene blir rekna frå den datoен då denne avtalen er underteikna av begge partar, til det endelige oppgjeret skjer (jf. ekspropriasjonerstatningslova § 10). Dersom partane ikkje inngår kjøpekontrakt, skal rentefoten fastsetjast i skjønnet.

6. Registrering i det offentlege egedomsregisteret - matrikkelen

Kjøpar sender melding til kommunen om at denne avtalen er inngått, slik at avtalen blir registrert i matrikkelen (jf. matrikkellova § 22). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikelføringa er fullført.

7. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Eigar:

Kjøpar:

.....
Dato

.....
For Helse Førde HF

.....
For Sogn og Fjordane fylkeskommune
ved Statens vegvesen Region vest